

KYRKJEBLAD FOR ÅL



I KYRKJEPORTEN / KORSET PÅ SANGEFJELL / HAN SOM KOM OG SOM KOMMER
ROM FOR MORSKJÆRLEIK / SMÅTT OG STORT / AKTUELT / VÆR GLAD

NR. 6 | 2019 | 60. ÅRGANG



NYTT LIV

Jul varsler nytt liv. Ikke bare for barnet i krybben, men for alle som tar imot Ham. «De skal kalles Guds barn», står det. Så fryd deg, himmel, og juble, du jord! Verdens Frelser er født!



ARNE JENSEN

HM, tenk om dette vore Facebook?
Då hadde det vore lett å skrive, då. Tenk
då kunne eg vore så personleg at det .. ja.

På blokka mi har eg fem-seks idear:
«Alt har ei tid» - «Takk te dokk» - «Nye
kjøkkengardiner» (den har eg gløymt
bakgrunnen for, Arne) - «Finn jula» og
«Kling no klokka». Men det vert i over-
kant privat. «No må du gje deg» - syng
Camilla Lou!

Men for å vera litt «dagsaktuell», no-ja,
dette skriv eg ein månad før du får
lesa det, så du må nok tenkje deg litt
attende. På NRK no sundag kveld fekk
eg sjå programmet «Verdens vakreste
leker», verdsllekane i Abu Dhabi for
utviklingshemma. Riktig flinke var
dei, gode trenarar og entusiastiske
utøvarar, eit imponerende premiebord
dei enda opp med. Men det var to ting
som særleg imponerte! Det var samhal-
det mellom deltakarane som alle hadde
hatt FOR tøffe miljø før «idretten tok
dei», og den idrettsgleda dei synte og
som dei delte med dei andre, det kom frå
hjarta. Frå hjarte kom også reportasjane,

reportarane bobla over like entusiastiske
som deltakarane. Og dei gjorde gamle
ordspel til sine egne og gjekk Skeie og
Lillelien ein høg gang! – They made my
day, seint på sundag.

Hallingdølen har nettopp presentert
gåva til Hallibakken og dei tre konser-
tane på Geilo for å hylle denne flotte
lydmannen frå Svenkerud. I over 30 år
har han styrt lyd og innspelningar for ei
mengd lokale artistar – og den jobben
fekk han også på konsertane når artis-
tane vil gje litt attende til hjelpesmannen
sin. Eg les over 70 utøvarar, åleine eller
i ulike grupper. Det er imponerende kor
mange denne lydmagikaren har lyfta
fram av lokale artistar!

Ein av desse er Camilla Lou, golingsjenta
som siste året har levert fleire gode låtar,
som td «No må du gje deg». Og det som
gjer henne særleg aktuell i dag er at
– Eg gløymde skaffe reservefotograf til
fyrste soknerådsmøtet! Eg hadde plan
om å prate med ein eller to, fordi eg sjølv
måtte til Nesbyen for å «legge ned eit
utval». Men så gløymde det heilt burt!



Av Olav Moen

Så då fekk eg bekrefta at det er fornuftig
å gje meg no.
Samstundes som Tone no sluttar som
redaktør etter to og eit halvt år. I samråd
med Kreator kom ho med nye idear om
bladbunaden. Me fekk ein meir «up to
date» layout. Det har vore ei stor glede
å arbeide samen med deg denne tida.
Velvel, arbeide er det mest du som har
gjort, og Arne har skrive og fotogra-
fert ein del stoff. Sjølv har eg skrive frå
kvardagen i soknerådet, om kyrkje-
val og slikt. Og slenge med lepa her i
Kyrkjeporten.

Men eg som skulle skrive om jul? Og
julesongar? Og nynorsk salmesong i
kyrkja? «No må du gje deg!»

God jul.



KORSET PÅ SANGEFJELL

Korset i Naturens Katedral har sin egen historie og sine egne fortellinger. I ett av
livets motbakker for mange år siden, dro jeg til fjells for å gjenfinne stillheten i meg selv.
Underveis stoppet jeg ved Krøderen for å bade, – og der like under vannflaten fant jeg et
rustent kjerrehjul som jeg fisket opp på land og tørket i sola. – Fra min dypeste under-
bevissthet kom fantasier og bilder av kjerrehjulet som et nav i et kors. Jeg lot tanke bli til
handling og pakket kjerrehjulet inn i en plastsekk, mens ulike løsninger svirret i hodet.
På Ål kjøpte jeg materialer og verktøy for å gjenskepe bildet jeg hadde fått på netthinnen.

Om kvelden – i månelys, snekret og formet jeg det første høyalterkorset og murte det fast
på stedet som skulle bli et alter for helg og høytid på Sangefjell

Jan Petrus Hagberg

KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJONSKOMITÉ Tone Idunn Kjerland Anthun • Arne Jensen • Olav O. Moen

BANKGIRO 2320.20.70272 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd

GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkja.no

PROST Sveinung Hansen | PROSTIPREST Arne Jensen | SOKNEPREST Vigdis Moen Storhaug | KYRKJEVERJE Kjellfred Dekko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen | KYRKJELYDSPEDAGOG Kristine Giljebrekke Andersen | REINHOLDAR Rezene Habtom
KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Per Hermann Kolsrud • Morten Storhaug | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattegard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Han som kom og som kommer

*Jeg ser for meg forventningsfulle barnehagebarn komme
til julevandring i Leveld, Torpo og Ål kyrkje.*



Av Frank Vorhaug

Vandre fra hendelse til hendelse
i juleevangeliet. 3 vise menn med
kapper og gaver. Engler med glitter
i håret, hvite kapper og lys i hånd.
Og Maria som litt sjenert og ganske
stolt legger Jesus-barnet i krybben.
Og vi leser juleevangeliet og synger
«En krybbe var vuggen som ventet
ham her... Fra krybben til korset gikk
veien for deg. Slik åpnet du porten til
himlen for meg.»

Jesus ble født en gang i historien.
Det feirer vi hvert år. Det hadde ikke
skjedd omlag 1990 år etter hans død,
hadde det ikke vært for alt Han sa og
gjorde, og at Han faktisk sto opp fra de
døde, viste seg for over 500 mennes-
ker, og sa at Han skulle komme igjen.

*For et barn er oss født, en sønn er oss gitt.
Herreveldet er lagt på hans skulder. Han
har fått navnet Underfull rådgiver, Veldig
Gud, Evig far, Fredsfyrste. (Jes 9,6)*

Juletid og adventstid, ja egentlig skal
det få ligge i oss som en god forvent-
ning og en perspektiv-forlenger
hele året, fokuset på Jesu komme og
komme igjen. Han skal komme igjen
endelig og for siste gang, for å hente
hjem til Far alle som vil høre Ham til.
Han – Herren. Jesus Kristus er Herre,
var den første kristne bekjennelse.

Hva betyr det helt praktisk at Han er
Herre i mitt liv?
Jesus kommer igjen og igjen til deg og
meg når vi er åpne for Ham i Ordet og
bønnen, i gudstjenesten i og utenfor
kirkerommet og i nattverden. Han
som kom og som kommer.

Engler med glitter i håret, hvite kapper og lys i hånd.

Og Maria som litt sjenert og ganske stolt legger Jesusbarnet i krybben.



Illustrasjon: pixabay.com

GJØR DØREN HØY GJØR PORTEN VID

*“Herlig format for en gavebok, fin kvalitet på
papir og foto. I utgangspunktet en bok som
burde appellere til mange med hytter eller
tilknytning til Sangefjell og øvre Hallingdal,
så sant de ikke har berøringsangst i forhold
til religiøsitet og livets mysterier.”*

Torbjørn Egenberg

164 sider / rikt illustrert /
Kr. 299 gratis tilsendt. / Tre bøker tilsendt
for Kr. 600 / Bestilles på SMS og betales
på Vipps : 93 21 70 91 eller les om boka
og bestill på: www.naturkatedralen.no

Utgitt av Petrus Forlag / Kreativitetshuset as



Rom for morskjærleik

Som ein oase midt i det kaotiske sjukehuset, ligg eit lite rom med sengeplass til seks nybakte mødrer. Der får dei ro, hjelp og kvile. Og kanskje augekontakt med babyen sin for aller første gong.



TEKST: ANETTE TORJUSEN
FOTO: HÅVARD BJELLAND

Vi ser den vesle bylten med ein gong. I eit mjukt blått teppe mot den glisne plastmadrassen på senga av stål. Ein dag gamal. Mora sitter bøygd over jenta si, og blir liksom aldri ferdig med å stirre. Små grynt, nokre få rørsler med hendene, før søvnen igjen tar overtak. Det er roleg, stille og berre mumling i rommet. Opnar vi døra, ser vi eit folkehav av travle legar, pasientar og pårørande.

VIKTIG Å FØLGJE DEI OPP

Det er ikkje så rart at alle spring, for sjukehuset Melka Oda i Shasamane skal gi helsehjelp til 400.000 menneske. På for liten plass og med for få tilsette. Men eit problem er løyst, og det er kor dei skal gjere av nybakte mødrer. For det var ei skikkeleg nøtt. Det var ingen ledige rom nokon stad på sjukehuset. Løysinga vart eit heilt nytt bygg midt på gardsplasen. Ikkje stort, men akkurat passe. Med støtte frå Kirkens Nødhjelp og samarbeidspartnar Tamra.

- For to år sidan hadde ikkje kvinnene som skulle føde eller hadde født, nokon stad å vere på sjukehuset. Men takka

vere samarbeidet har vi no dette rommet. Det er i bruk heile døgnet, seier doktor Hawi Kidanu.

Berre i august i år vart det fødd 500 babyar ved sjukehuset.

- Det er så utruleg viktig at vi kan følge dei opp etter fødselen. Slik at dei kjem i gang med amminga, får gitt barna vaksiner og den helsehjelpa dei treng, forklarar ho.

Sidan pågangen er så stor, kan dei berre vere der i 24 timar etter fødsel.

- Vi skulle gjerne hatt dei der lenger, men vi får gjort mykje på 24 timar. Ikkje minst fortalt dei om at vi har helsestasjon og tett oppfølging av mor og barn på sjukehuset.

EN HELT NY START

Omringa av mor og søster, ligg 20 år gamle Fatoma Fayasa i ei av dei seks sengene. Sjølv om det korkje er laken eller pute på plastmadrassen, har familien sørgja for at ho ligg godt og mjukt.

Hun skulle eigentleg føde på ein klinikk i landsbyen der ho bur, men ein dag gamle Caaltuu hadde ingen planar om å vente. Under eit besøk hos søstera i Shashamane, byrja plutseleg

fødselen. Då bar det rett til næraste sjukehus. For 46 kilometer vart for langt å reise på humpete vegar.

Eg var veldig spent på korleis det skulle gå, sidan dette er det første barnet mitt, men det gjekk så fint, smilar ho.

Mange på hennar alder har allereie fleire barn, men sjølv har ho vore nøye med prevensjon.

- No passa det bra med barn. No var vi klare for å starte ein familie, seier Fatoma, som jobbar som bonde.

Tre svangerskapskontrollar har ho vore på. Ho har vore nøye med det for å ta vare på si eiga helse og babyen i magen.

No nyt ho den første dagen som mor på sjukehuset.

- Dei tilsette på sjukehuset har vore heilt fantastiske mot meg. Dei har passa på både meg og babyen min her i dette rommet. Eg har kjent meg trygg heile tida.

Ho trekk fram den første natta som spesielt viktig. For det er ikkje så enkelt å kome i gang med amminga heilt aleine.

- Eg er så glad for at eg fekk vere her med dottera mi.

Fatoma har store draumar for Caaltuu, for ho har ikkje lang skolegang sjølv. Berre fire år.

- Sjølv fekk eg ikkje utdanning, men har ei stort håp for dottera mi. Eg har alltid ønska meg meir utdanning og ville bli lege, men måtte arbeide på garden. Eg synest det er så morosamt å lære.

No er ho mor for aller første gong, og seier ho har fått tru på ei annleis framtid.

- Det å ha fått ei dotter, betyr ein heilt ny start.

Slik gir du årets viktigaste julegåve:

- Vipps eit valfritt beløp til 2426.
- Send GAVE på sms til 2426 og gi 200 kroner.
- Gåvekonto: 1594.22.87248

SMÅTT OG STORT

Foto: unsplash.com

Eg møter folk i alle aldrar, og alle slags livssituasjonar. Med alt det inneber. Nokon gonger tenkjer eg at vi kunne markedsført kyrkja betre. Difor skriv eg desse linjene.

Kyrkja har liturgiar vi kan legge livet vårt inn i. Akkurat slik det er. Om trua vår er sterk eller svak. Vi kan legge fortida, notida og framtida vår inn i eldgamle ord og ordningar. Der vi kan kvile og bli omslutta av noko som er større enn oss sjølv. I kyrkja sitt rom.

Om du er sjuk, kan vi be for deg. Aleine, eller saman med nokon du ønskjer å invitere med deg. Ved altaret, eller i eit av sideromma. På kontoret, eller heime hos deg. Vi har olje som vi kan salve deg med. Ved å teikne eit kors i panna di. Anten du er alvorleg sjuk, eller slit med kronisk sjukdom. Fysisk eller psykisk. Eller om du kjenner at livet er krevjande av andre årsakar.

Det er ingen ting som er for stort eller for lite til å leggja det i Guds hender. Det er ikkje sikkert du vil oppleve nokon radikal forandring, men berre det å ta kontakt kan bety ein forskjell. Det kan bli eit før og eit etter.

Det same gjeld om du ber på noko som slit på deg. Noko du har gjort, eller noko som andre har gjort, eller gjer mot deg. Kan hende treng du profesjonell hjelp, men vi som er prestar og diakonar kan

øg gå nokon skritt saman med deg. Det er gratis, og eg har erfart at det kan vera mykje hjelp i dette. Det er mentalhygiene å lufte tankar og kjensler som fyller kropp og sjel. Når vi kan lytte og snakke saman i eit fortruleg rom.

I kyrkja har vi òg ein ordning med skriftemål. Det kan vere viktig å erkjenne noko ein treng tilgjeving for. Ikkje fordi ein er verre enn andre, men fordi det kan lette bærer. Ein kan seie det høgt eller inni seg. Gud høyrer det uansett. Eg har kjent meg utrolig letta etter å ha våga nettopp det. I lag med eit menneske eg har hatt tillit til.

Vi kan leggja ein stein på altaret, som eit synleg teikn på at Gud ser det vi ber på. Eller vi kan sette ord på ting.

Det er ingen ting som er for stort eller for lite til å leggja det i Guds hender.

På ein lapp, eller i eit brev, og leggja det på altaret, eller ein annan stad. Eventuelt brenna det etterpå. Som ei symbolhandling.

Det treng ikkje vera livet om å gjere for å kontakte presten eller diakonen. Men nokon erfarar at det kan gjere ein forskjell. For dagane og livet og framtida. Vi er berre ein telefon unna.

Vigdis prest



HJEM TIL JUL

Kårstugu Ål tirsdag **17. desember** kl 13.00
Flåheimen onsdag **18. desember** kl 17.00



Kari Bergaplass
piano



Jan Kristian Hverven
sang



Formiddagstreff i Ål kyrkjestugu kl.11 -13

Onsdag 8.jan. 2020.:
Tema v/Tore Bøygard :
Frå kyrkjetenar til skiskytterpresident.
Andakt: Kristine Giljebrekke Andersen

Open kyrkje

Kyrkja er open kvar dag
mellom kl 10-14 minus måndag.
Onsdag er kyrkja open
frå 19.30-21

Kirkens SOS:

(landsnr.)

Kirkens SOS har også en chatte- og
e-mailtjeneste
– ved å logge seg inn på www.kirkens-sos.no

VI GÅR I KYRKJA

11.12.19

Torpo kyrkje
19.30 Gudsteneste

15.12.19

Torpo kyrkje
11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

18.12.19

Ål kyrkje
19.30 Gudsteneste

24.12.19

Kårstugu
12.00 Julegudsteneste
Takkoffer: Kirkens nødhjelp
Leveld kyrkje
13.00 Familiegudsteneste
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

Leveld kyrkje
14.30 Julekveldsmesse
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

Ål kyrkje
14.30 Familiegudsteneste
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

Ål kyrkje
16.00 Julekveldsmesse
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

Torpo kyrkje
16.00 Julekveldsmesse
Takkoffer: Kirkens nødhjelp

25.12.19

Ål kyrkje
12.00 Høytidsgudsteneste
Takkoffer: Den norske
misjonselskap

26.12.19

Leveld kyrkje
19.00 Ung messe
Takkoffer: Stefanusalliansen

29.12.19

Kårstugu
11.00 Gudsteneste

31.12.19

Ål kyrkje
17.00 Gudsteneste

05.01.20

Torpo kyrkje
11.00 Gudsteneste
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Morgonbøn

Ål kyrkje er open for ei stille morgonstund kvar tysdag kl. 08.30-09.00

Neste nr. av kyrkjebladet kjem ut i begynnelsen av februar.
Stoff til bladet må leverast kyrkjekontoret/epost: aal.kyrkje@hallingnett.no
Frist innan 6. januar 2020

Gravlegging av utanbygds buande

For nokon som har flytta ut av kommunen er det mest naturleg at avdøde skal gravleggjast på ein av kyrkjegardane i Ål. Det er mogeleg, men pårørande må dekkje kostnaden. Kostnad ved gravferd av

utanbygds buande er delt opp med ei avgift for bruk av kyrkja og ei avgift for nedsetjing av kiste eller urne. Fellesrådet tek også festeavgift i frigravperioden (20 år).

DØYPTE

Ål:
06.10 Karoline Sørboen Torsgard
Sunniva Wangberg Lappegard
13.10 Emil Skjelstad Hovda
Sevat André Berget Dokken
Eira Bjørnsen Skarpås
27.10 Alfred Myhrvold-Ødegård
Jenny Dalby Silkstone
Sondre Olai Tveito
10.11 Mie Winter Vigdal
Sigurd Breie
Leah Haga Hollevik
Emil Skrinde-Tveito Sjølie

Lesjaskog Kyrkje

20.10 Louise Kvelperud

Røros Kyrkje

02.11 Tinus Trøan Bedin

DØDE

Ål
04.10 Borgny Medhus f. 1935
05.11 Bjarne Johannes
Ragnhildstveit f. 1937

Leveld:

05.10 Bergljot Hovdegard f. 1935
10.11 Birgit Oleivsgard f. 1947

Torpo:

03.11 Gro Trillhus f. 1933



Samtaler for par, familier og enkeltpersonar.
Kommunikasjon, konfliktløsning, foreldre-
rettlegging, meklings m.m. Tilbodet er gratis

Tlf. 32 12 33 44

Torget 5, Ål. Pb. 119, 3571 Ål
E-post: familievernkontoret.ringerike.hallingdal@bufetat.no

For døve og tunghøyre;
send sms til: 404 88 126
www.familievern.no • www.bufetat.no

Leder: Frøydis Stoveland Dekko
Familieterapeut: Marit Haug Noss, Anita Etterlid,
Ingeborg Fosvold Slåtten og Frøydis Stoveland Dekko
Sekretær: Guro Stave

Julefeiring på TID kafé

Også i år blir det julefeiring på
TID kafé kl. 17-22 julaften.

- Velkomstgløgg
- Tradisjonell julemat (alternativ meny for dei som ynskjer det)
- Musikk, song m.m.
- Kr 50,-

1. juledag er det brønsj kl. 13.30. Kr 50,-

Velkommen!

Ta gjerne kontakt om du har lyst til å vere med på feiring og ta kontakt om du kan vere med som frivillig før, under eller etterpå.

Arrangementet vil vere opent for alle, små og store og mat og opplegg blir forma etter kven som melder seg på.

Meld deg på /meld din interesse innan 17. des til: kyrkjekontoret: 32 08 61 61 eller diakon på tlf: 40 45 57 83

Tid for jul!



TID

Vær glad!

*Å kom, å kom, Immanuel,
og løys ditt bundne Israel,
som sårt i utlægd ventar på
den dag då dei Guds Son får sjå!*

Refreng:

*Ver glad, ver glad! Immanuel
er fødd for deg, du Israel!*

*Du Isais rennnig, kom, set fri
ditt folk frå Satans tyranni,
frå helheims djup og mørkers grav,
gjev frelse med din kongestav!
Refreng...*

*Du morgonrode, kom med ljøs,
å skin, du klare sol, for oss!
Jag skoddeem og tunge sky,
så nattemørkret snart må fly!
Refreng...*

*Å kom, du Davids nykel, kom,
og opna himlens heilagdom;
gjer trygg den stig som ber til deg,
og steng for oss fortapings veg!
Refreng...*



Foto: unsplash.com

Innholdet i denne latinske salmen kan sammenfattes i det ene ordet lengsel. Teksten er fra 1100-tallet. Ved kveldsmessen i klostrene de sju siste dagene før jul ble det sunget en spesiell salme for hver dag. Denne salmen ble sunget lille julaften.

Navnet Immanuel betyr «Gud med oss». Både i Det gamle- og Det nye testamente brukes dette navnet om Jesus. Som i andre adventssalmer er lengselen også her en lengsel mot den dag Jesus kommer igjen. Før dette skjer vil troen oppleve motstand og prøvelser. Derfor bønnene «Set fri ditt folk frå Satans tyranni» og «steng for oss fortapings veg». Samtidig kommer vers tre og minner oss om at lyset (Jesus) er sterkere enn mørket. Derfor er det heller ikke tilfeldig at oppfordringen til glede er lagt til refrenget, for denne sannhet kan ikke gjentas for ofte: «Ver glad, ver glad! Immanuel er fødd for deg, du Israel!»

Arne Jensen

Vi ønskjer å invitere til

SAMAN- ALLE-SAMAN -KVELD



**på Kafé TID i Myren 36
to søndagskveldar neste halvår
16. februar og 19. april kl 18-19.30
Set gjerne av kveldane alt no!**

Vi har lyst til at folk i alle aldre kan møtast. Litt som ein god, gamaldags juletefest. Eit spleiselag der vi har med enkel mat på fat. Brødsriver eller kake som vi set på eit langbord der alle kan forsyna seg. Så ordner vi med drikke.

Vi tenkjer å ha litt allsang, ein leik, ein kahoot, eller ein annan konkurranse. Vi vil gjerne få nokon til å synge eller spele frå scena. Nokre korte tankar kan det bli frå Vigdis prest, men det viktigaste er at vi møtast. At vi får tid til å vere saman, og snakke saman rundt borda. Uansett kven vi er, og kven vi kjenner.

Vi håper å sjå deg!

Marianne Laa
Kristine Giljebrekke Andersen
Vigdis Moen Storhaug
32 08 61 61